



Dykkar referanse	Vår referanse/Sakshandsamar	Arkivkode:	Dato:
	06/233-5/06/2369/Jostein Overskeid	X 20	31.03.2006

Innleiing

Fugleinfluensa er ein smittsam virussjukdom hos fuglar. Sjukdommen kjem av eit influensa A virus, og kan føre til dødelighet i fjørfeflokkar på opp til 100 %. Ulike variantar av fugleinfluensavirus fører til sjukdom med ulik grad av alvor. Den alvorlege formen av sjukdommen blir kalla sterkt sjukdomsframkallande (høgpatogen) fugleinfluensa (HPAI). Det finst også variantar av fugleinfluensa som ikkje er sjukdomsframkallande, eller bare gir milde luftvegssymptom når dei smittar fjørfe. Sjukdommen er også registrert overført til menneske, men foreløpig (pr 29.03.2006) ikkje mellom menneske.

Mattilsynet har ansvar for handtering av eit sjukdomsutbrot. Kommunane kan bli bedne om assistanse. Denne planen trer i kraft ved oppmoding frå Mattilsynet.

Sauda kommune sin kontaktperson hos Mattilsynet er:

	Telefon	Direkte telefon	Mobiltelefon
Olav Tørresdal	04060	52 73 34 65	90 99 46 81
Merete Halleraker	04060	52 53 34 64	99 28 37 10

Mål

1. Hjelpa til å avgrensa spreiding av HPAI.
2. Gi nødvendig informasjon til publikum.

Plangrunnlag

1. Plan for forebygging av Aviær influensa (AI) (Mattilsynet).
2. Overordna katastrofeplan.
3. Kommunal helseberedskapsplan
4. Kommunal smittevernplan.
5. Kommunal pandemiplan. (Under arbeid)

Operativ leiing

Sjå overordna katastrofeplan.

Risiko og sårbarhet

Mattilsynet gir personell i Sauda kommune opplæring i innsamling av død fugl. I samråd med kommunelege I har dette personalet fått influensavaksinering, jf Arbeidsmiljølovas § 3-1, 3-2, samt forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder.

Krisesentral

Sjå overordna Krise- og beredskapsplan.

Aksjonar

Varsling og innsamling av potensielt smittefarlege fuglar – sjå vedlegg 1.
Destruksjon/nedgraving – sjå vedlegg 2.

Andre oppgåver som kan bli delegert til kommunen er avsperring og transport. Dette vil skje etter retningslinjer frå Mattilsynet.

**Informasjon**

Jostein Overskeid har informasjonsansvar i samband med denne saka og er kommunen sin kontaktperson i høve til Fylkesmannen, Mattilsynet og nærliggjande kommunar. Han er å treffa på:

Kontoret:	Mobiltelefon:	E-postadr.:
52 78 62 48	994 46 876	jostein.overskeid@sauda.kommune.no

Materiell/utstyr

Sauda kommune har skaffa personleg verneutstyr som skal brukast i situasjonar der Mattilsynet finn det nødvendig. Utstyret er lagra på kommunen sitt anlegg i Torsvegen på stad som er kjend for personellet som skal nytta det.

Innkvartering

Ikkje aktuelt

Kontaktliste

Sjå overordna Krise- og beredskapsplan

Distribusjonsliste

- Leiargruppe i Katastrofeplan for Sauda
- Næring
- Innsatsgruppe for innsamling og sperring
- Mattilsynet, distriktskontoret for Haugalandet
- Fylkesmannen i Rogaland, ved Reidar Johnsen - Beredskapslaget

**VEDLEGG 1 – INNSAMLING AV POTENSIELT SMITTEFARLEGE FUGLAR**

I samband med førebygging og bekjemping av Aviær influensa, er det aktuelt at følgjande personell i Sauda kommune vil bli brukt mellom anna ved innsamling av død villfugl. Personellet har fått opplæring av Mattilsynet, og er vaksinert med årets influensavaksine.

Varsling

- All varsling om døde fuglar skjer til Mattilsynet på tlf **06040**.
- Dersom det er aktuelt at kommunen skal samla inn fuglar, varslar Mattilsynet kommunen sin kontaktperson, Jostein Overskeid, som set i verk varsling av innsatspersonell.
- Ved endring av beredskapssituasjonen og/eller ved behov for større aksjonar, skal det vurderast å skaffe personell i gruppe 2 - 6.
- Lokal landbruksfagleg kompetanse er veterinær Rune Bratås på tlf 901 48 890.

Gruppe 1Einar Eik-Nes, leiar

- Torbjørn Lund
- Vibjørn Seljestad
- Geir Kåre Solland
- Helge Eik-Nes
- Jodvar Herheim

Gruppe 2

(Namn)

Gruppe 3

(Namn)

Gruppe 4

(Namn)

Gruppe 5

(Namn)

Gruppe 6

(Namn)

Verneutstyr

- Ta på to sett lateks vernehanskar
- Ta på skoovertrekk
- Ta på eingongs kjeledress
- Ta på skoovertrekk nr 2
- Ta på vernebriller
- Bruk vernemaske




Innsamling

- Legg ei avis i botn av plastsekk nr 1 (evt legg avisa rundt fuglen og legg dei i sekken)
- Legg fuglen i sekken utan å kome i kontakt med utsida eller med kjeledressen
- Om det er brukt: Legg vernemaske i sekken med fuglen
- Om det er brukt: Legg vernebriller i eigen sekk (vask brillene på arbeidsplassen)
- Vreng av dei ytre hanskane og legg dei i sekken med fuglen
- Desinfiser funnstaden og ta med sekk og utstyr bort frå funnstaden.
- Vreng av kjeledress med ytre skoovertrekk og legg dei i sekken med fuglen
- Desinfiser støvlar og legg klut/papir brukt til dette i sekken.
- Lukk sekken med hyssing
- Legg sekk nr 1 i sekk nr 2
- Fyll ut "Veterinærinstituttets Rekvisisjonsskjema" med omtale av art (dersom kjent), dato, funnstad og innsendar. Eventuelt andre opplysningar som kan vere relevante, t.d. om det er lokale forhold som kan være grunn til dødsfallet, som høgspenliner osv. Legg eitt eksemplar av rekvisisjonen i sekk nr 2 (eitt eksemplar skal leverast Mattilsynet).

Levering

Sekkene med innsamla materiale skal leggjast "Jelsa"-tønner som blir sett inn i container som er plassert ved Sorteringsanlegget på Birkeland (sjå kart)




**VEDLEGG 2 – DESTRUKSJON/NEDGRAVING**

Etter oppmoding frå Mattilsynet kan kommunen bli beden om å levera innsamla fugl mv til eit destruksjonsanlegg. Dette kan skje med bruk av tett container, evt plastsekker (spesialsekker).

Klargjering og transport går fram av Plan for førebygging av Aviær influensa (AI) (Mattilsynet), kap 7.7. Personleg verneutstyr – sjå vedlegg 3.

Dersom Mattilsynet finn det nødvendig, kan kommunen bli beden om hjelp til nedgraving. Aktuelle stader i Sauda kommune skal godkjennast av Fylkesmannen som har saka til vurdering no (29.3.06). Me har peika ut eit areal i Hongandvik der kommunen er grunneigar og der det er skogsveg fram til arealet, jfr kartet til høgre.





LOKAL TILTAKSPLAN

AVIÆR INFLUENSA (HPAI)

Godkjent dato Rev nr Ajour dato
 1 03.04.06

Side
6

**VEDLEGG 3 – KOMMUNALT UTSTYR**

Til bruk i aksjonar iverksett av Mattilsynet har Sauda kommune følgjande utstyr:

Personleg verneutstyr (på anlegget i Torsvegen)

- Eingongs kjeledress
- Latekshansker (det skal brukast to sett)
- Eingongs skoovertrekk (det skal brukast to sett)
- Våtserviettar med desinfiseringsmiddel
- Vernemaske (P2- eller P3-maske)
- Vernebriller

Anna utstyr (på anlegget i Torsvegen)

- 3 stk 5 l sprøytekanner til desinfisering
- Desinfeksjonsmiddel, type Vircon (pulverform)
- Kraftige plastsekker på rull
- Hyssing
- Blokk med Veterinærinstituttets Rekvisisjonsskjema
- Tett container

Utstyr som skal med ved henting av død fugl

- Eingongs kjeledress
- Latekshansker (det skal brukast to sett)
- Eingongs skoovertrekk (det skal brukast to sett)
- Våtserviettar med desinfeksjonsmiddel
- Kraftige plastsekker på rull
- Gamle aviser
- Hyssing
- Blokk med Veterinærinstituttets Rekvisisjonsskjema
- Vernemaske (P2- eller P3-maske)
- Vernebriller